



SAKSHANDSAMAR  
Hanne Merete R. Moldung

VÅR DATO  
18.03.2021

postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.  
20/09454-16

DYKKAR REF.  
18/00898-33

DYKKAR DATO  
09.03.2021

Arkeologisk Museum - Universitetet i Stavanger (1)  
Peder Klows gate 30 A  
4036 STAVANGER

Att: Hege Ingjerd Hollund

## **Innvilga søknad om dispensasjon for arkeologisk forskingsundersøking i og ved Stavanger domkyrkje, Stavanger kommune, Rogaland fylke**

Vi syner til brev datert 9. mars 2021 med oversending av endeleg prosjektplan og budsjett for forskingsundersøking i og ved Stavanger domkyrkje. Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger (AM, UiS) søker om dispensasjon fra kulturminnelova § 8, første ledd for forskingsundersøkinga. Den omsøkte forskingsundersøkinga rører ved automatisk freda bygrunn fra mellomalderen, kulturminne-ID 88461, Mellomalderbyen Stavanger og Stavanger domkyrkje kyrkjested, kulturminne-ID 85552, freda i medhald av lov 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova) § 4 første ledd.

### **Lovheimel og mynde**

I samsvar med kulturminnelova § 3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode med mindre det ligg føre løyve etter kulturminnelova § 8.

Etter Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven, § 2 (3) har Riksantikvaren mynde til å gi slike løyve.

Frå 1.1.2020 vart forvaltningsansvaret for Stavanger mellomalderby og Stavanger domkyrkje kyrkjested overført frå Riksantikvaren til Rogaland fylkeskommune.

Etter Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven §§ 3 (2) og 4, er fylkeskommunen rette mynde jf. kulturminnelova § 8 ved søknad om inngrep i Stavanger mellomalderby og Stavanger domkyrkje kyrkjested. Same forskrift § 2 (3) gir likevel Riksantikvaren myndighet til å gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne ved søknad om forskingsinitierte undersøkingar som blir gjennomført av andre enn rette forvaltningstitusjon etter forskrifta.

## Vedtak

Med heimel i kulturminnelova § 8 første ledd gjer Riksantikvaren dette vedtaket:

I samband med forskingsundersøking i og ved Stavanger domkyrkje gir Riksantikvaren med dette løye til inngrep i automatisk freda kulturminne, Mellomalderbyen Stavanger, kulturminne-ID 88461 og Stavanger domkyrkje kyrkjestad, kulturminne-ID 85552, Stavanger kommune, jf. avmerking på det vedlagde kartet datert 18.3.2021.

## Vilkår

Løyvet vert gitt på desse vilkåra:

Stavanger kyrkjelege fellesråd og Stavanger kommune skal varslast før arbeidet startar.

AM, UiS er ansvarleg for å dekke alle kostnadane ved undersøkinga, miljøovervaking, analysar, konservering av gjenstandsfunn og etterarbeid, samt for tildekking av kulturlag med ikkje-marin leire.

Undersøkinga skal utførast i dialog med Rogaland fylkeskommune for å sikre involvering og nødvendig kunnskapsoverføring.

Inngrepa skal utførast som skildra i prosjektplanen datert 9.3.2021, og skal avgrensast til det som er strengt tatt nødvendig for å hente ut dei naudsynte dataa og belyse problemstillingane.

AM, UiS skal oppdatere Askeladden med tilfredsstillande informasjon om undersøkinga, funn og dateringar.

AM, UiS skal halde Riksantikvaren og Rogaland fylkeskommune oppdatert i høve til prioriteringar og resultat som framkommer under prosjektperioden. Endeleg rapport skal sendast til Riksantikvaren, NIKU og Rogaland fylkeskommune innan 18 månader etter at prosjektet er avslutta i felt.

Miljøovervakainga av bevaringsforholda skal utførast i 5 år etter Norsk Standard NS9451:2009, «Kulturminner. Krav til miljøovervåking og -undersøkelse av kulturlag». Dataa skal vere tilgjengeleg for kulturminneforvaltninga. Dersom forskingsundersøkinga avdekker bevaringstilstandar eller -forhold som er alarmerande og som krev avbøtande tiltak, skal Riksantikvaren straks varslast. Riksantikvaren skal

gjere ei vurdering av om miljøovervakainga skal overtakast av kulturmiljøforvaltninga etter endt forskingsprosjektperiode.

AM, UiS er byggherre etter arbeidsmiljøtilsynet sin byggherreforskrift. Dette tyder at AM, UiS skal sørge for at området har dei nødvendige sikringstiltak etter HMS-regelverket. Det skal oppretta ein SHA-plan som skal være godkjent av partar som dette vedkjem. Sikringstiltak som medfører ekstra kostnadar er AM, UiS sitt ansvar.

AM, UiS skal utføre tryggingstiltak for å hindre at dei arkeologiske undersøkingane medfører fare for skade på grunnen og bygningen.

Utgravingane skal utførast i tråd med notat frå Multiconsult, geoteknisk vurdering, 10221893-RIG-NOT-001, datert 8.10.2020.

Komprimering ved bruk av platevibrator ved gjenfylling av utgravingsområda skal minimerast, og unngåast om mogleg.

AM, UiS pliktar å tilbakeføre areal som vert avdekk gjennom undersøkinga.

Løyvet gjeld berre det tiltaket det er søkt om. Løyvet gjeld ut 2022.

## **Skildring av kulturminna**

Tiltaket rører automatisk freda bygrunn frå mellomalderen, kulturminne-ID 88461, Mellomalderbyen Stavanger og Stavanger domkyrkje kyrkjested, kulturminne-ID 85552. Mellomalderens «Stafangr» vokser fram på 1000- og 1100-talet. I byområdet er det funnet spor etter gardsbusetjing og jordbruksbygdene som kan daterast til bronsealderen og jernalderen. Restane av mellomalderbyen ligg i dag under sentrale delar av dagens by og er eit automatisk freda kulturminne. Byen låg ved Vågen som var ei godt beskytta hamn og gunstig plassert i forhold til handelsruta langs kysten og jordbruksbygdene omkring. Vågsbunnen har vore eit viktig busetjingsområde frå tidleg mellomalder. Noko av gatestrukturen til mellomalderbyen kan anast i dagens by i områda ved domkyrkja og Vågen, det er òg her dei fleste arkeologiske funn frå mellomalderen er gjort. Stavanger har vorte oppfatta som ein kyrkje- og biskopsby, og kyrkjelege byggverk sette preg på bymiljøet i mellomalderen. Bispedømet vart oppretta i 1120-åra og bygginga av domkyrkja vart påbyrja tidleg på 1100-talet. Bispegarden (Kongsgård) med kapell og ringmur vart bygd på 1200-talet. Knytt til domkyrkja var òg ein katedralskule, den einaste skulen frå mellomalderen i Noreg som var bygd i stein. Stavanger domkyrkje ligg i det sentrale området av mellomalderens Stavanger. Det har vorte gravlagt inne i og utanfor

domkyrkja så vel i mellomalderen som etter reformasjonen. Ved ei arkeologisk undersøking i krypten sitt golv i 1967 vart det dokumentert ei mengde graver som er eldre enn den ståande kyrkja. Dei fleste er daterte til 1000- og 1100-talet, nokon tilbake til 800-talet. I grunnmuren på den nærliggande Mariakyrkja vart det ved nedrivinga av denne funne ein bautastein med runeinnskrift frå 1000-talet, noko som kan antyde at domkyrkja og Mariakyrkja vart reist i eit førkristent gravfelt. Nylege undersøkingar ved AM, UiS, har påvist m.a. to gropar under skipet, ein av dei tolka som anlegg for produksjon av mørtel og med 14C-dateringar til 1000-talet og ca. 1100, og dessutan murrester tolka som ein mogleg eldre bygning.

### **Skildring av forskingsundersøkinga det er søkt om**

AM, UiS søker om løyve til forskingsundersøking i og ved Stavanger domkyrkje. Riksantikvaren mottok søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8, første ledd den 6. juni 2018. Riksantikvaren innhenta tilrådingar frå NIKU og Rogaland fylkeskommune, og uttale frå ansvarleg arkitekt for restaureringa av kyrkja Arkitektkontoret Schjelderup & Gram AS, Stavanger kyrkjelege fellesråd, Stavanger kommune og Stavanger biskop. På bakgrunn av arkeologifaglege tilrådingar frå NIKU og Rogaland fylkeskommune, gav Riksantikvaren tilbakemelding og påpekte diverse tilhøve ved søknaden som omfanget av prosjektet, utgravings- og dokumentasjonsmetodar, mål og problemstillingar og omsyn til stabilitet for kyrkjebygget. Etter fleire revideringer av søknaden, med etterfølgjande tilrådingar frå NIKU og Rogaland fylkeskommune, møte og e-postkorrespondanse, ligg det føre ein endeleg søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8, første ledd med prosjektplan og budsjett datert 9. mars 2021.

### Formålet med forskingsundersøkinga

Hovudmålet til forskingsprosjektet er å vurdere tilstanden til kulturlag, skjelett- og anna gravmateriale for betre å kunne sikre *in* og *ex situ* bevaring, ved å forske på forholdet mellom tilstand og ulike miljøfaktorar. Andre mål ved prosjektet er å sikre materiale med stort potensiale for ny kunnskap om urbaniseringsprosessar, levesett og levevilkår i Stavanger i mellomalderen. Forskingsprosjektet vil analysere både organisk og uorganisk materiale i jordlag, med særleg vekt på skjelett, og vil i tillegg til materiale frå omsøkte forskingsutgraving bruke materiale samla inn frå tidlegare undersøkingar i Stavanger og frå andre mellomalderske kyrkjegardar i Rogaland.

Forskningsprosjektet inngår i eit større internasjonalt forskningsprosjekt (NFR, FRIPRO): *Future preservation of past life: A multidisciplinary investigation into preservation of ancient biological remains from medieval cemeteries*, som skal utforske utfordringar knytt til bevaring av skjelettmateriale og anna biologisk materiale frå arkeologisk kontekst. Prosjektet tar sikte på

å analysere biologisk materiale, heilt ned på molekylært nivå, og undersøke korleis dette kan bevarast eller brytast ned i ulike miljø. Målet er å få ei betre forståing av desse prosessane for å sikre dette historiske arkivet for framtida.

Ifølgje søknaden er det i samband med forskingsprosjektet nødvendig med inngrep i Stavanger mellomalderby/Stavanger domkyrkje kyrkjested for å ta ut og sikre eit representativt materiale for forsking, og for å vurdere tilstanden til og korleis ein best skal sikre kulturlag og materiale *in situ* for framtida.

Ei tverrfagleg forskargruppe ved AM, UiS har sidan 2004 jobba med materiale som stammar frå utgravinga i krypten i kyrkja i 1967, der ein fann leivningar etter minst 30 individ. Etter utgravinga og oversendinga til De Schreinerske samlinger i 1968, er koplinga mellom funna og den arkeologiske konteksten dels tapt. Det er òg indikasjonar på at skjelett frå andre lokalitetar i Noreg kan vera blanda saman med desse skjeletta. For å kome vidare i forskinga på mellomalderen i Stavanger, meiner AM, UiS at det er nødvendig med ei ny undersøking for å avdekke materiale i sikker kontekst, dokumentert og ivaretatt etter moderne standard. Sjølve utgravinga vil bli utført av eit team av erfarte arkeologar frå AM, UiS og NIKU. Liknande forskingsprosjekt vert utført i Oslo, Trondheim, og på materiale frå utgravinga på Borgundkaupangen, og AM, UiS planlegg å etablere dialog og samarbeid for å gjere samanliknande analyser.

#### Omfanget av forskingsundersøkinga

AM, UiS planlegg å undersøkje to areal, i tillegg til å ta ut borekjerne frå Breiavatnet: A) Eit 30 m<sup>2</sup> stort areal under markoverflata på utsida av nordvestre korvegg og tårn, om lag 2 meter ut frå korveggen og 1 meter frå tårnveggen; B) Eit areal under golvet i søraustre tårn på 3,5 m<sup>2</sup>. For delområde A skal det brukast gravemaskin til å ta av toppjorda. I delområde B, under tårnet, er kulturlaga eksponert og graving kan ta til etter ei kort oppreinsking av overflata. For undersøkingane av areal A er det estimert med 1,8 gravkutt pr 1 m<sup>3</sup> og for område B er det estimert med 0,9 gravkutt pr 1 m<sup>3</sup>. I område A ventar AM, UiS å finne restar etter kulturlag og bygningsrestar i tillegg til graver Før ein opnar opp områda A og B skal det leggast smale sjakter ut frå veggane på innsida av det søraustre tårnet, og utsida av nordtårnet og koret. Dette for å undersøkje djupna på fundamenta, etter råd frå geoteknikar frå Multiconsult. Djupn på fundamenta vil vere avgjerande for kor stort område og kor djupt det er forsvarleg å grave. Faktisk djupn på murar og kulturlag vil vise seg ved graving, og arbeidet vil difor fordre kontinuerleg dialog med geoteknikar om forsvarleg djupn og areal. Inne idet søraustre tårnet planlegg AM, UiS å starte med ei smal sjakt på 20-30 cm og eventuelt utvide etter kvart som ein ser at muren fortset nedover. Ute vil AM, UiS måtte opne opp to ca. 4-5 m<sup>2</sup> store område inntil

kor- og tårnvegg der ein smalnar inn sjakta ved 1 meters djupn. Kva punkt langs veggen som vil bli opna opp vil bli vurdert i samråd med geoteknikar og restaureringsprosjektet. Med utgangspunkt i måltal frå NIKU bereknar AM, UiS å bruke 3 dagar pr 1 m<sup>3</sup> i område A, og 2 dagar pr 1 m<sup>3</sup> i område B. I tillegg planlegg AM, UiS uttak av borekjerner i Breiavatnet sør for Stavanger domkyrkje. Boreholet vil være 7,5 m i diameter og djupne inntil 1 m. Prøvetakinga vert utført for hand med utstyr og flåte som er tilgjengeleg på AM, UiS.

### Dokumentasjonsmetodar

Alle undersøkingsområda vert gravd til steril grunn, og fulldokumentert underveis. AM, UiS vil bruke *single context* dokumentasjon med oppbygging av matriser, og dokumentere kvar grav/skjelett, strukturar og kulturlag med fotogrammetri. Alle graver og andre strukturar vert registrert i intrasis, og ein vil unngå delvis utgraving av graver i den grad det er mogleg. All jord frå gravkutt og andre kulturlag vert solla der dette vert sett som naudsynt. Eksponert murverk i søraustre tårn vil bli dokumentert. AM, UiS vil utføre geofysiske og geokjemiske målingar i felt og av jordprøvar frå utvalde profilar for tilstandsvurdering av kulturlag og ta minimum tre jordprøvar frå kvar grav for analysar av jordkjemi, insekt og parasittar, feittstoff, makrofossil og pollen, samt prøvar for dei same analysane frå eit utval av andre strukturar og lag.

### Etterarbeid og analysar

Etterarbeidet vil følgje krav og standardar ved AM, UiS i samband med forvaltningsutgravingar. Foto, fotolister, fotogrammetri og innmålingsdata vert systematisert for vidare arkivering. Resultat frå forskingsundersøkinga skal presenterast i ein utfyllande rapport i AM sin oppdragsrapport-serie. Rapporten skal sikre tilgjenge for framtidig forsking. AM, UiS vil samle inn, reinse og stabilisere/konservere alt av skjelett-materiale og eventuelle gjenstandsfunn, datere minst 30% av gravene, samt eit utval av strukturar og lag, katalogisere alle funn i MUSIT og merke, sikre og pakke for magasinering. AM, UiS vil gjere eit utval av ca. 45 av eit estimert antal på totalt 62 skjelett/gravar som blir inkludert i forskingsprosjektet for meir detaljerte osteologiske analysar, samt diverse mikroskopiske, kjemiske og biomolekylære analysar. Vidare vil AM, UiS utføre grunnleggande osteologisk analyse av alle skjelett, tilstrekkeleg for katalogisering, samt analysere minimum 3 stk jordprøvar per grav for jordkjemi, feittstoff, insektrestar, makrofossil og pollen. Eventuelle resterande prøvemateriale vil bli innlemma i AM, UiS sine naturvitenskaplege samlingar. Am, UiS vil analysere alle jordprøvar tatt ut for geokjemiske og –fysiske analysar og installere overvakingsutstyr i minst ein profil, for miljøovervaking i fem år etter utgraving. Undersøkingsområda skal dekkjast til/stabilisast etter utgraving med ikkje-marin blåleire og duk før gjenfylling. I det søraustre tårnet vil golvet bli tilbakeført til opphavleg høgd etter same prosedyre. Leira blir lagt slik at ho er 10 cm tjukk ved

toppen av profilen og aukar nedover slik at laget ikkje sklir ut. Leira vil bli lagt på plass delvis for hand ettersom profilane vil innehalde gravmateriale, og sidan måleinstrument skal installerast. Deretter vil det bli fylt på med ein passande fyllmasse, i samråd med geoteknikar frå Multiconsult, og NIKU. Tilbakeføring av bakken etter utgraving vil utførast av tiltakshavar for restaureringsprosjektet.

### Praktiske tilhøve

Forskinsundersøkinga er planlagt utført i 2021/2022. Feltarbeidstida er berekna til 765 timer. Det vert berekna 2- 3 dv pr 1m3. Dette skal dekkje undersøking av graver samt dokumentasjon av restar etter kulturlag og andre arkeologiske strukturar. Timane vil fordelast mellom 2 prosjektleiarar (1 arkeolog og 1 osteolog), og 4 feltarkeologar, minst ein av dei frå NIKU. Behovet for feltarkeologar vil variere i dei ulike områda. Utgravinga vil skje samtidig som arbeidet med restaureringa av Stavanger domkyrkje. Istandsettinga og restaureringa av kyrkja skal være ferdig til byen sitt 900-års jubileum i 2025. Etter avtale med restaureringsarkitektane Arkitektkontoret Schjelderup & Gram AS vil AM, UiS få tilgang til deira fasilitetar, og det er planlagd regelmessige møter med arkitektane og prosjektleiinga for restaureringsarbeidet for å sikre god samkøyring av dei to prosjekta og sørge for samanfall der det er mogleg med arbeidet som skal skje både inne i og utanfor kyrkja i samband med restaureringa. Forskinsprosjektet vil utføre og dekke kostnadene for tildekking av feltet med leire og duk, samt gjenfylling, inkludert gravemaskinarbeid. AM, UiS har avtale om at Stavanger kommune vil utføre og dekke kostnadene for tilbakeføring av plen og gangsti. AM, UiS er byggherre etter arbeidsmiljøtilsynet sin byggherreforskrift. Dette tyder at AM, UiS skal sørge for at området har dei nødvendige sikringstiltak etter HMS-regelverket. Det skal oppretta ein SHA-plan som skal være godkjent av partar som dette vedkjem. Sikringstiltak som medfører ekstra kostnadene er AM, UiS sitt ansvar.

### Etiske vurderingar

Arbeid med menneskelege leivningar fordrar ein del etiske problemstillingar, med tanke på eksponering, handtering og formidling av desse. Dette skal gjerast med respekt både for den døde, og ovanfor publikum. AM, UiS vil ha kontinuerleg dialog om dette temaet internt i prosjektgruppa, med andre fagfolk på museet, og med referansegruppa av interessantar. I denne gruppa vil det òg sitje ein representant frå kyrkja. Det er eit mål for AM, UiS å få til betre rutinar for handtering av skelettmaterialet som vitskapleg arkiv, for å oppnå meir respektfull og verdig handtering av leivningane.

### Formidling

AM, UiS planlegg ei inkluderande tilnærming der kommunikasjon/dialog med

ikkje-akademiske grupper vil verte brukt som ein systematisk strategi gjennom heile utgravingsprosjektet for å sikre effektiv forskingskommunikasjon, samt tilbakemeldingar frå befolkninga i Stavanger og Stavanger-regionen på prosjektet og formidlinga av det. Ulike spesialist-grupper som politietterforskarar og studentar innan rettsmedisin vil verte invitert til å delta for å lære om arkeologiske undersøkingsmetodar, i felt og i laboratoriet. Formidlinga er organisert i ein eigen arbeidspakke og vil utførast med støtte frå kommunikasjonsekspertar ved AM og UiS elles. Kommunikasjonsaktivitetar vil verte utført på ulike stader gjennom prosjektet. Aktivitetane inkluderer årlege møter med ei referansegruppe med 5-6 representantar av ulike 'brukargrupper', fire workshops med ulike grupper av interessentar/brukarar: 1) skuleungdom, 2) representantar frå kyrkja (kyrkjelyden, kyrkjeverje, biskopens kontor etc), 3) representantar for relevante offentlege etatar (Stavanger kommune, Riksantikvaren, Rogaland fylkeskommune), og 4) representantar for næringsliv, turisme og kultur/kunst og 5) relevante spesialistar (politi, rettsmedisinstudentar). Vidare planlegg AM, UiS blogg under utgravinga (norark og/eller eigen prosjektblogg), mini-utstillingar på ulike stader i og utanfor byen i løpet av prosjektperioden, presentasjonar i museet sin serie med opne populærvitskaplege foredrag (Tirsdagsforedrag), aktivitetar i samband med det årlege arrangementet Museumsnatt, korte dokumentarfilmar laga av UiS si avdeling for nettbaserte og digitale læremiddel og involvering av/samarbeid med skuleelevar og studentar. I tillegg planlegg AM, UiS vitskapleg formidling med foredrag/poster ved internasjonale konferansar, ein konferanse for utgravingsprosjektet og fem til seks artiklar i vitskaplege tidsskrift. Det er vidare planlagd eit kapittel om resultata frå forskingsundersøkinga i ei populærvitskapleg bok som skal publiserast i samband med ferdigstillinga av restaureringa av kyrkje og feiringa av Stavangers 900-års jubileum i 2025.

### Miljøovervaking

AM, UiS planlegg miljøovervaking i 5 år etter utgraving. Overvaking vil bli installert i minimum 1 profil og det er budsjettet for installering og rapportering undervegs i 3 år i budsjettet som vart laga for NFR-søknaden, medan dei to siste åra skal AM, UiS dekke sjølv ettersom NFR dekker utgifter i dei fire-fem åra av det planlagde forskingsprosjektet. Problemstillingar i forskingsundersøkinga som relaterer direkte til arbeidet med miljøovervaking er:

- Kva er samanhengen mellom ulike miljøparameter (pH, vassinnhald, redox etc) og tilstand på skjelettmateriale og anna biologisk materiale?
- Korleis er bevaringstilhøva (t.d. under kyrkja versus utanfor), og fortel dei om ustabile tilhøve og eventuelle behov for tiltak?

Miljøovervaking er ifølgje AM, UiS heilt sentralt i forskingsprosjektet. Miljøparameter fluktuerer gjennom året/årstidene så punktmålingar på eitt tidspunkt vil ikkje kunne gje oss heile biletet. Vidare vil lengre tids miljøovervaking kunne seie noko om eventuelle endringar forårsaka av

utgravinga og tildekkinga. I tillegg planlegg AM, UiS å samanlikne tilhøva inne/under kyrkja, som blir overvaka i samband med forvaltningsundersøkinga knytt til etablering av nytt golv, og tilhøva ute. Dette vil utgjere viktige grunndata for å forstå tilstand på ulike materialgrupper inne (påverka av bygget og aktivitetar i det) og ute (påverka av klima, sur nedbør, inngrep i bygrunnen etc).

#### Finansiering av forskingsundersøkinga

Forskningsprosjektet inngår i eit større internasjonalt forskningsprosjekt: *Future preservation of past life: A multidisciplinary investigation into preservation of ancient biological remains from medieval cemeteries*. AM, UiS har fått tilslag på søknad om midlar frå Forskningsrådet med maks utteljing på 8 millionar kr, og midlar frå programmet FRIPRO, resten er eigenfinansiering ved AM, UiS. Budsjettet for utgravinga er utarbeida i samråd med NIKU og er basert på deira erfaringstal for undersøkingar av mellomalderkyrkjegardar. Budsjett for utgravinga av område A er på kr. 1 332 599,-, og for område B på kr. 295 410,59. Totalkostnaden er budsjettert til kr. 12 964 968,-, og er inkludert utgraving med lønsutgifter for timar til forarbeid, feltarbeid og etterarbeid, løn for samarbeidspartnarane som skal utføre dei botaniske analysane, inkludert preparering, samt ein to-årig post-doc stilling i palaeogenetikk, reiser, møter og konferansar, forbruksmateriell, totalstasjon, miljøovervaking og tildekking/sikring med leire og duk, laboratorieanalyser som dateringar, samt forbrukskostnadene i samband med alle analysar som er skildra i prosjektplanen.

#### **Rogaland fylkeskommune uttalar**

I brev datert 8.juni 2020 vurderer Rogaland fylkeskommune, v/Fylkesrådmannen at forskningsprosjektet både kan gi viktig og ny kunnskap om bevaring av arkeologisk materiale *in situ* og *ex situ*, og om Stavanger mellomalderby og Stavanger domkyrkje kyrkjestad i mellomalderen. Resultata av prosjektet vil slik både ha stor kunnskapsverdi for vidare forsking på byutviklinga, menneska som budde i Stavanger og på utvikling og bruk av kyrkjestaden i mellomalderen, og dessutan ha stor nytteverdi for forvaltning av mellomalderske kyrkjestader og mellomalderbyar i framtida. Vidar påpeiker Fylkesrådmannen at overføringa av myndighet for forvaltninga av Stavanger mellomalderby og Stavanger domkyrkje kyrkjestad, gjer at fylkeskommunen no har ansvar for god og berekraftig ivaretaking av desse kulturminna som er av høg nasjonal verdi. Hovudregelen innan norsk kulturminneforvaltning er at arkeologiske kulturminne fortrinnsvis skal bevarast *in situ*. Fylkesrådmannen vurderer det derfor som negativt at omsøkte forskingsundersøking vil føre til at ein vesentleg del av det som blir vurdert å vere den best bevarte delen av kyrkjegarden blir graven ut. Sjølv om den vitskaplege kunnskapsverdien til materialet blir godt tatt vare på gjennom problemstillingane i forskningsprosjektet, vil likevel

verneverdien til kulturminna forringast som følge av ytterlegare fragmentering av kyrkjestaden og det mest sentrale området til mellomalderbyen.

Fylkesrådmannen støttar at skjelettmateriale gir langt meir kunnskap om livet og levevilkåret til menneska i dag enn tidlegare. Dette reiser òg nye problemstillingar knytt til bevaring av slike materiale. Forsking på forholdet mellom tilstand og ulike miljøfaktorar er derfor viktig for å ta vare på kunnskapspotensialet i dette materialet *in situ*. Forskingsprosjektet kan derfor bidra til viktig ny kunnskap om påverknaden til ulike miljøfaktorar på bevaringstilstand og bevaringsforhold, og er viktig for å sikre utvikling på fagfeltet og slik god forvaltning av denne typen kulturminne i ei framtid prega av stadig større klimautfordringar.

Fylkesrådmannen tilrår derfor at det blir gitt dispensasjon frå fredingsføresegnene i kulturminnelova jf. kulturminnelova § 8 første ledd, for å gjennomføre forskingsutgravinga. Fylkesrådmannen tilrår likevel at omfanget av forskingsutgravinga bør innskrenkast ytterlegare, for å unngå å grave opp eit vesentleg større materiale enn det som vil inngå i det vidare forskingsarbeidet.

Fylkesrådmannen uttaler vidare at det er viktig at Rogaland fylkeskommune vert involvert aktivt i prosjektet, både for å sikre at fylkeskommunen som forvalningsstyresmakt blir haldne oppdatert om prosjektets framdrift og resultat, og at prosjektet kan bidra til kompetanseheving og kompetanseoverføring til fylkeskommunen innan mellomalderarkeologi. Det er ønskeleg om fylkesrådmannen kunne delta i utgravingssamanheng, bli invitert til omvisning på utgravingsfelt, bli halde løpende orientert om resultat frå prosjektet ved t.d. faglege seminar undervegs i prosjektperioden og dessutan at dei vert inviterte til vitskaplege konferansar i regi av prosjektet.

På bakgrunn av at omfanget av forskingsutgravinga vart innskrenka i areal, uttalar Fylkesrådmannen i brev datert 27. januar 2021 til Riksantikvaren at omfanget er redusert tilstrekkeleg, og Fylkesrådmannen vurderer dette som positivt då det vil avgrense inngrepa i dei delane av den mellomalderske kyrkjegarden som er best bevart, og er slik i tråd med dei tidlegare tilrådingane frå Fylkesrådmannen til søknaden. Fylkesrådmannen vurderer at graveomfanget no er redusert tilstrekkeleg, og tilrår at det blir gitt dispensasjon jf. kulturminnelova § 8 første ledd. Fylkesrådmannen tilrår vidare at dersom geoteknikar vurderer at det er nødvendig å grave smale sjakter utanfor nordsida av koret og i søraustre tårn for å sikre at utgravinga ikkje utgjer fare for skade på kyrkjebygget, meiner dei likevel at det er nødvendig, og tilrår at dette vert gjort før utgravinga startar for å avklare djupne til fundamenta. Når det gjeld behov for komprimering av gjenfyllingsmassar tilrår Fylkesrådmannen at Riksantikvaren

enten stiller vilkår om ei maksimal grense for kor mykje vibrasjon som er tillaten ev. vilkår om at det blir halde til eit absolutt minimum.

## **NIKU uttalar**

I brev datert 6. september 2018 uttalar NIKU at dei ser prosjektet som interessant og viktig og meiner at ein slik brei studie av både bevaringsaspekt og bioarkeologiske forhold har potensial for å tilføre verdifull ny kunnskap om både kulturhistoriske og forvaltningsrelaterte forhold. NIKU uttalar vidare at det er svært sjeldan at ein får moglegheita til å gjennomføre kyrkjegardsutgravingar i slik stor skala. Ein ny veldokumentert undersøking vil under dei rette føresetnadene utgjere eit svært viktig tilskot til kunnskap om Stavanger sin tidlege historie og forutan sin eigenverdi, vil undersøkinga òg vere eit viktig komparativt materiale for resten av landet. NIKU påpeiker uklarheiter i søknaden knytt til tidsbruk og omfang på undersøkinga, plan og metode for gjennomføring av undersøkinga, samt dokumentasjon. Vidare påpeiker NIKU at problemstillingane berre rettar seg mot graver og skjelett, og at det er av stor interesse å få ny kunnskap om pre- og tidlegurbane forhold på staden. Vidare stiller NIKU spørsmål ved korleis materialet skal leggjast til rette for framtidig forsking, og i kva grad dokumentasjon- og analyseresultat vil være tilgjengelege for andre forskarar. NIKU stillar sin kompetanse på osteoarkeologi til rådighet ved gjennomføringa av forskingsundersøkinga, og vil delta med faglege innspel i prosessen vidare gjennom møter, workshops, konferansar og formidlingsaktivitet.

NIKU bidrog med faglege innspel knytt til miljøovervaking, tilstandsvurdering av kulturlag og osteoarkeologi i samband med AM, UiS sin revisjon av søknaden, og i brev datert 3. juni 2020 uttalar NIKU at det er overlapp i problemstillingar, metode og gjennomføring av forvaltningsundersøkingane knytt til restaureringsarbeida i kyrkja (utvendig infrastruktur og gjenfylling av krypkjellaren). NIKU vurderer det moglege faglege utbyttet i prosjektet som høgt, særleg i forhold til bevaringsforhold, der det vil bidra med ny kunnskap om t.d. *ex situ*-bevaring, noko som både vil ha nytte for kulturminneforvaltninga generelt, og med tanke på framtidige klimaendringar spesielt. Vidare vil prosjektet òg kunne bidra med kulturhistoriske problemstillingar som gjeld befolkninga på staden, kor kjend proveniens gir auka kunnskapsverdi. Det er òg positivt at prosjektet har som mål å ta vare på kjeldeverdien til materiale som fell utanfor tema/problemstillingane for forskingsprosjektet, t.d. busettingsspor og bygningsrestar. NIKU gir sin tilråding til dispensasjon frå lov om kulturminne av 9. juni 1978, § 8, første ledd for prosjektet med merknader og tilrådingar knytt til størrelsen på det utvendige området som skal gravast ut, framgangsmåten for arkeologisk kyrkjegardsundersøking, volumet på innsamling av gravmateriale/osteologisk material og uttak av destruktive prøver, samt at alle prøver og -resultat vert registrert i MUSIT for å gjere

materiale tilgjengeleg for framtidig forsking. NIKU påpeiker vidare at murverket i kyrkja utgjer ei arkeologisk kjelde til bygningshistorikk og konstruksjonsmåtar av murverket, og anbefaler at det vert utført ein bygningsarkeologisk dokumentasjon av hoggspor på bygningsstein o.a. Vidare anbefaler NIKU, på bakgrunn av geotekniske vurderingar som er gjort som del av arbeidet med gjenfylling av krypkjellaren i kyrkja, at det vert gjort ein geoteknisk vurdering både innvendig og utvendig, og at det vert utarbeida ei plan for sikringstiltak. Vidare at forskingsundersøkinga kan verte påverka av forvaltningsundersøking knytt til etablering og omlegging av infrastruktur på nordsida av kyrkja, men at dette ikkje er avklart endå.

I brev datert 4.2.2021 er NIKU sin vurdering at utgravingsarealet er redusert tilstrekkeleg, og at undersøkinga må gjennomførast i tråd med den geotekniske vurderinga frå Multiconsult som er innhenta av AM, UiS, og at allereie opparbeida kunnskap om grunnforhold, bygningskonstruksjon og relevante sikkerheitstiltak vert overført til forskingsundersøkinga.

### **Grunngjeving for vedtaket**

Kulturmiljøforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir best mogleg tekne vare på og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Kulturmiljøforvaltninga har eit nasjonalt ansvar for å sikre automatisk freda kulturminne for kommande generasjonar og bidra til at tap av kulturminne minimerast. Vi kan likevel gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei konkret vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private og samfunnsmessige omsyn.

Stavanger domkyrkje med tilgrensande bygg og område er dei einaste synlege etterlevingane etter Stavanger mellomalderby, og det er i dette området den vitskapelege kjeldeverdien om Stavanger i mellomalderen i all hovudsak er å finne. Stavanger domkyrkje med tilgrensande område er eit framståande og viktig kulturhistorisk område i nasjonal samanheng med uerstattelege kulturminneverdiar.

### Formålet med forskingsundersøkinga

Hovudmålet til forskingsprosjektet er å vurdere tilstanden til kulturlag, skelett- og anna gravmateriale for betre å kunne sikre *in* og *ex situ* bevaring, ved å forske på forholdet mellom tilstand og ulike miljøfaktorar. Andre mål ved prosjektet er å sikre materiale med stort potensiale for ny kunnskap om urbaniseringssprosessar, levesett og levevilkår i Stavanger i mellomalderen. Forskingsprosjektet inngår i eit større internasjonalt forskingsprosjekt (NFR, FRIPRO): *Future preservation of past life: A multidisciplinary investigation into preservation of ancient biological remains from medieval cemeteries*, som skal utforske utfordringar knytt til bevaring av skelettmateriale og anna biologisk materiale frå arkeologisk kontekst. Ifølgje

søknaden er det i samband med forskingsprosjektet nødvendig med inngrep i Stavanger mellomalderby/Stavanger domkyrkje kyrkjested for å ta ut og sikre eit representativt materiale for forsking, og for å vurdere tilstanden til og korleis ein best skal sikre kulturlag og materiale *in situ* for framtida. Liknande forskingsprosjekt vert utført i Oslo, Trondheim, og på materiale fra utgravinga på Borgund-kaupangen, og AM, UiS planlegg å etablere dialog og samarbeid for å gjere samanliknande analyser.

Riksantikvaren forventar at resultata frå forskingsundersøkinga vil bidra med stor kunnskaps- og nytteverdi for kulturmiljøforvaltinga, og spesielt bevaring av arkeologisk materiale *in* og *ex situ*, og om Stavanger i mellomalderen. Riksantikvaren støttar både AM, UiS, Rogaland fylkeskommune og NIKU i at resultata av prosjektet vil slik både ha stor kunnskapsverdi for vidare forsking på byutviklinga, menneska som budde i Stavanger og på utvikling og bruk av kyrkjesteden i mellomalderen, og dessutan ha stor nytteverdi for forvaltning av mellomalderske kyrkjester og mellomalderbyar i framtida. Riksantikvaren ser positivt på at AM, UiS planlegg å gjere samanliknande analyser med utgangspunkt i pågående forskingsprosjekt på arkeologisk materiale frå Oslo, Trondheim og Borgund-kaupangen. Dette vil gi synergieffektar for alle dei aktuelle forskingsprosjekta.

#### Omfanget av forskingsundersøkinga

Søknaden om forskingsundersøkinga datert 6. juni 2018 inneheldt lite informasjon knytt til problemstillingar, omfang, undersøkings- og dokumentasjonsmetodar og prioriteringar. I tillegg reiser prosjektet enkelte prinsipielle spørsmål og behov for avklaringar. Riksantikvaren var i utgangspunktet etterhaldande til ei forskingsgraving av eit slik omfang som det vart søkt om. Dette da ein slik omfattande reduksjon av kulturminna i området, i løpet av eit kort tidsrom vil avgrense framtidige generasjonar sin moglegheit til å etterprøve- og/eller tilegne seg nye forskingsresultat med omsyn til Stavanger mellomalderby og kyrkjested.

Riksantikvaren bad derfor AM, UiS om avklaringar knytt til omfanget av prosjektet, utgravings- og dokumentasjonsmetodar, krav til rapportering, faglege prioriteringa, mål og problemstillingar, omsyn til kyrkjebygget, plan for tilbakeføring av det undersøkte området og involvering av Rogaland fylkeskommune i forskingsundersøkinga. I prosessen med revidering av søknaden, har AM, UiS sendt søknad, prosjektplan og budsjett for forskingsundersøkinga i fleire omganger til Riksantikvaren. Riksantikvaren har, på bakgrunn av eigne vurderingar og faglege tilrådingar frå NIKU og Rogaland fylkeskommune, gitt tilbakemeldingar på reviderte versjonar av søknaden. På bakgrunn av synfaring i og ved Stavanger domkyrkje 16. september 2020, brev frå AM, UiS datert 1. oktober 2020 og geoteknisk vurdering frå Multiconsult datert 8. oktober 2020, samt brev datert 17.11.2020 frå Rogaland fylkeskommune til Riksantikvaren

med tilråding, sendte Riksantikvaren brev til AM, UiS datert 23. november 2020. Der bad vi om avklaringar/informasjon knytt til forskingsundersøkinga når det gjaldt storleiken på utgravingsområda, sikkerheitsmessige utfordringar ved utgravinga i og utanfor Stavanger domkyrkje, tilbakefyllingsmassar og kompresjon og gjennomføring av uttak av boresøyler i Breiavatnet. Riksantikvaren mottok brev frå AM, UiS datert 11. januar 2021 med skildring av at areal- og utgravingsomfang er endra, og at det ligg føre geotekniske føringer for gravearbeidet i tråd med våre, NIKU og Rogaland fylkeskommunes sine merknader. I e-post datert 24. februar 2021 til AM, UiS bad Riksantikvaren om å få oversendt endeleg budsjett og prosjektplan for forskingsundersøkinga. Riksantikvaren mottok brev datert 9.mars 2021 frå AM, UiS med oversending av endeleg prosjektplan og budsjett for forskingsundersøking i og ved Stavanger domkyrkje.

AM, UiS planlegg å undersøkje to areal, i tillegg til å ta ut borekjerne frå Breiavatnet: A) Eit 30 m<sup>2</sup> stort areal under markoverflata på utsida av nordvestre korvegg og tårn, om lag 2 meter ut frå korveggen og 1 meter frå tårnveggen; B) Eit areal under golvet i søraustre tårn på 3,5 m<sup>2</sup>. Før ein opnar opp områda A og B skal det leggast smale sjakter ut frå veggane på innsida av det søraustre tårnet, og utsida av nordtårnet og koret. Dette for å undersøkje djupna på fundamenta, etter råd frå geoteknikar frå Multiconsult. Djupn på fundamenta vil vere avgjerande for kor stort område og kor djupt det er forsvarleg å grave. I tillegg planlegg AM, UiS uttak av borekjerner i Breiavatnet sør for Stavanger domkyrkje. Boreholet vil være 7,5 m i diameter og djupne inntil 1 m. Prøvetakinga vert utført for hand med utstyr og flåte som er tilgjengeleg på AM, UiS.

Riksantikvaren vurderer at utgravingsarealet er redusert tilstrekkeleg, og at gjennomføringa av undersøkinga er i tråd med den geotekniske vurderinga frå Multiconsult som er innhenta av AM, UiS.

### Dokumentasjonsmetadar

AM, UiS skildrar i prosjektplanen at alle undersøkingsområda vert grave til steril grunn, og fulldokumentert underveis. AM, UiS vil bruke *single context* dokumentasjon med oppbygging av matriser, og dokumentere kvar grav/skjelett, strukturar og kulturlag med fotogrammetri. Alle graver og andre strukturar vert registrert i intrasis, og ein vil unngå delvis utgraving av graver i den grad det er mogleg. All jord frå gravkutt og andre kulturlag vert solla der dette vert sett som naudsynt. Eksponert murverk i søraustre tårn vil bli dokumentert. AM, UiS vil utføre geofysiske og geokjemiske målingar i felt og av jordprøvar frå utvalde profilar for tilstandsvurdering av kulturlag og ta minimum tre jordprøvar kvar grav for analysar av jordkjemi, insekt og

parasittar, feittstoff, makrofossil og pollen, samt prøvar for dei same analysane frå eit utval av andre strukturar og lag.

Riksantikvaren vurderer det slik at dokumentasjonsmetodane er i tråd med standard dokumentasjonsmetode for kyrkjegards- og mellomalderbyutgravingar, og at NIKUs merknader er ivareteke.

### Etterarbeid og analysar

AM, UiS gjer greie for at etterarbeidet vil følgje krav og standardar i samband med forvaltningsprosjekt ved museet. Resultat frå forskingsundersøkinga skal presenterast i ein utfyllande rapport i AM sin oppdragsrapport-serie. Rapporten skal sikre tilgjenge for framtidig forsking. AM, UiS vil samle inn, reinse og stabilisere/konservere alt av skelett-materiale og eventuelle gjenstandsfunn, datere minst 30% av gravene, samt eit utval av strukturar og lag, katalogisere alle funn i MUSIT og merke, sikre og pakke for magasinering. AM, UiS vil gjere eit utval av ca. 45 av eit estimert antal på totalt 62 skelett/gravar som blir inkludert i forskingsprosjektet for meir detaljerte osteologiske analysar, samt diverse mikroskopiske, kjemiske og biomolekylære analysar. Vidare vil AM, UiS utføre grunnleggande osteologisk analyse av alle skelett, tilstrekkeleg for katalogisering, samt analysere minimum 3 stk jordprøvar per grav for jordkjemi, feittstoff, insektrestar, makrofossil og pollen. Eventuelle resterande prøvemateriale vil bli innlemma i AM, UiS sine naturvitenskaplege samlingar. Am, UiS vil analysere alle jordprøvar tatt ut for geokjemiske og –fysiske analysar og installere overvakingsutstyr i minst ein profil, for miljøovervakning i fem år etter utgraving. Undersøkingsområda skal dekkjast til/stabilisast etter utgraving med ikkje-marin blåleire og duk før gjenfylling. I det søraustre tårnet vil golvet bli tilbakeført til opphavleg høgd etter same prosedyre. Leira blir lagt slik at ho er 10 cm tjukk ved toppen av profilen og aukar nedover slik at laget ikkje sklir ut. Leira vil bli lagt på plass delvis for hand ettersom profilane vil innehalde gravmateriale, og sidan måleinstrument skal installerast. Deretter vil det bli fylt på med ein passande fyllmasse, i samråd med geoteknikar frå Multiconsult, og NIKU. Tilbakeføring av bakken etter utgraving vil utførast av tiltakshavar for restaureringsprosjektet.

Riksantikvaren vurderer det slik at etterarbeid og analyser er i tråd med NIKUs merknader om korleis materialet skal leggjast til rette for framtidig forsking, og i kva grad dokumentasjon- og analyseresultat vil være tilgjengelege for andre forskarar. Vidare har AM, UiS dratt vekslar på NIKU sin kompetanse på osteoarkeologi for gjennomføring av forskingsundersøkinga, og legg opp til å gjere tryggingstiltak for å hindre at dei arkeologiske undersøkingane medfører fare for skade på grunnen og bygningen ved å følge geotekniske råd frå Multiconsult.

### Praktiske tilhøve

Forskinsundersøkinga er planlagt utført i 2021/2022 og vil skje samtidig som arbeidet med restaureringa av Stavanger domkyrkje. Istandsettinga og restaureringa av kyrkja skal være ferdig til byen sitt 900-års jubileum i 2025. Det er planlagd regelmessige møter med arkitektane og prosjektleiinga for restaureringsarbeidet for å sikre god samkøyring av dei to prosjekta og sørge for samanfall der det er mogleg med arbeidet som skal skje både inne i og utanfor kyrkja i samband med restaureringa. Forskinsprosjektet vil utføre og dekke kostnadene for tildekking av feltet med leire og duk, samt gjenfylling, inkludert gravemaskinarbeid. AM, UiS har avtale om at Stavanger kommune vil utføre og dekke kostnadene for tilbakeføring av plen og gangsti.

Riksantikvaren vurderer det som svært viktig at det er god dialog med Stavanger kyrkjelege fellesråd, Stavanger kommune v/Prosjektleder Britta Goldberg og Arkitektkontoret Schjelderup & Gram AS før, under og etter gjennomføringa av utgravinga for å sikre at restaureringsarbeidet og utgravingsarbeidet er godt koordinert tidsmessig slik at begge prosjekta kan gjennomførast i tråd med sine føresetnadene. Vidare vil vi poengtere at det er overlapp i problemstillingar, metode og gjennomføring av forvaltningsundersøkingane knytt til restaureringsarbeida i kyrkja (utvendig infrastruktur og gjenfylling av krypkjellaren) og forskningsundersøkinga, og det er viktig med god kommunikasjon og samarbeid med NIKU.

Vidare skal AM, UiS sørge for at området har dei nødvendige sikringstiltak etter HMS-regelverket. Det skal oppretta ein SHA-plan som skal være godkjent av partar som dette vedkjem. Sikringstiltak som medfører ekstra kostnadene er AM, UiS sitt ansvar.

### Etiske vurderinger

Arbeid med menneskelege leivningar fordrar ein del etiske problemstillingar, med tanke på eksponering, handtering og formidling av desse. Dette skal gjerast med respekt både for den døde, og ovanfor publikum. AM, UiS vil ha kontinuerleg dialog om dette temaet internt i prosjektgruppa, med andre fagfolk på museet, og med referansegruppa av interessentar. I denne gruppa vil det òg sitje ein representant frå kyrkja. Det er eit mål for AM, UiS å få til betre rutinar for handtering av skjelettmaterialet som vitskapleg arkiv, for å oppnå meir respektfull og verdig handtering av leivningane.

Riksantikvaren ser svært positivt på at AM, UiS har ein plan for å få til betre rutinar for handtering av skjelettmateriale, både under sjølve utgravinga, og som vitskapleg arkiv. Riksantikvaren legg også vekt på at AM, UiS har tatt omsyn til Biskopen sitt innspel om kor viktig det er å ta omsyn både til avdøde, og til forbipasserande/publikum, samt at Nasjonalt

utvalg for vurdering av forskning på menneskelige levninger (Skjelettutvalget) har godkjent søknaden.

### Formidling

AM, UiS planlegg ifølge prosjektplanen ei inkluderande tilnærming der kommunikasjon/dialog med ikke-akademiske grupper vil verte brukt som ein systematisk strategi gjennom heile utgravingsprosjektet for å sikre effektiv forskingskommunikasjon, samt tilbakemeldingar frå befolkninga i Stavanger og Stavanger-regionen på prosjektet og formidlinga av det. Vidare er det planlagd årlege møter med ei referansegruppe med 5-6 representantar av ulike 'brukargrupper' og fire workshops med ulike grupper av interessentar/brukarar: skuleungdom, representantar frå kyrkja, representantar for relevante offentlege etatar, representantar for næringsliv, turisme og kultur/kunst og relevante spesialistar (politi, rettsmedisinarstudentar). Vidare planlegg AM, UiS blogg under utgravinga, mini-utstillingar på ulike stader, presentasjonar med opne populærvitskaplege foredrag, korte dokumentarfilmar og involvering av/samarbeid med skulelevar og studentar. I tillegg planlegg AM, UiS vitskapleg formidling med foredrag/poster ved internasjonale konferansar, ein konferanse for utgravingsprosjektet og fem til seks artiklar i vitskaplege tidsskrift. Det er vidare planlagd eit kapittel om resultata frå forskingsundersøkinga i ei populærvitskapleg bok som skal publiserast i samband med ferdigstillinga av restaureringa av kyrkje og feiringa av Stavangers 900-års jubileum i 2025.

Riksantikvaren ser det som svært positivt at det er planlagd ei brei formidling for å nå ut til ulike brukargrupper. Hovudmålet til forskingsprosjektet er å vurdere tilstanden til kulturlag, skjelett- og anna gravmateriale for betre å kunne sikre *in* og *ex situ* bevaring, ved å forske på forholdet mellom tilstand og ulike miljøfaktorar. Andre mål ved prosjektet er å sikre materiale med stort potensiale for ny kunnskap om urbaniseringsprosessar, levesett og levevilkår i Stavanger i mellomalderen. For kulturmiljøforvaltinga er det heilt sentralt at forskingsundersøkinga har ein nytteverdi, og kan bidra til å skape forståing for at det er eit nasjonalt ansvar å sikre automatisk freda kulturminne for kommande generasjonar. Riksantikvaren støttar Fylkesrådmannen sin vurdering av at forskingsprosjektet kan bidra til viktig ny kunnskap om påverknaden til ulike miljøfaktorar på bevaringstilstand og bevaringsforhold, og er viktig for å sikre utvikling på fagfeltet og slik god forvaltning av denne typen kulturminne i ei framtid prega av stadig større klimautfordringar.

### Miljøovervaking

AM, UiS planlegg miljøovervaking i 5 år etter utgraving. Overvaking vil bli installert i minimum 1 profil og det er budsjettert for installering og rapportering undervegs i 3 år i budsjettet som

vart laga for NFR-søknaden, medan dei to siste åra skal AM, UiS dekke sjølv ettersom NFR dekker utgifter i dei fire-fem åra av det planlagde forskingsprosjektet.

Riksantikvaren ser stor nytteverdi for kulturmiljøforvaltninga at forskingsundersøkinga inneheldt ei lengre tids miljøovervaking. Overvakinga vil kunne seie noko om eventuelle endringar forårsaka av inngrep i kulturlag som følgje av utgravinga og tildekkinga av utgravingsområdet. Riksantikvaren støttar AM, UiS i at det i tillegg er svært interessant å samanlikne tilhøva inne/under kyrkja, som blir overvaka i samband med forvaltningsundersøkinga knytt til etablering av nytt golv, og tilhøva ute. Dette vil utgjere viktige grunndata for å forstå tilstand på ulike materialgrupper inne (påverka av bygget og aktivitetar i det) og ute (påverka av klima, sur nedbør, inngrep i bygrunnen etc).

Riksantikvaren vil påpeike at miljøovervakinga skal følgje prosedyrar og retningslinjer for miljøovervaking av kulturlag og standardar for skildring av bevaringstilstand og bevaringsforhold jf. Norsk Standard NS9451:2009, «Kulturminner. Krav til miljøovervåking og -undersøkelse av kulturlag». Dersom forskingsundersøkinga avdekker bevaringstilstandar eller -forhold som er alarmerande og som krev avbøtande tiltak, skal Riksantikvaren straks varslast. Riksantikvaren skal gjere ei vurdering av om miljøovervakinga skal overtakast av kulturmiljøforvaltninga etter endt forskingsprosjektperiode.

#### Finansiering av forskingsundersøkinga

Forskinsprosjektet inngår i eit større internasjonalt forskingsprosjekt: *Future preservation of past life: A multidisciplinary investigation into preservation of ancient biological remains from medieval cemeteries*. AM, UiS har fått midlar frå Forskningsrådet på 8 millionar kr, og midlar frå programmet FRIPRO, resten er eigenfinansiering ved AM, UiS. Budsjettet for utgravinga er utarbeida i samråd med NIKU og er basert på deira erfaringstal for undersøkingar av mellomalderkyrkjegardar. Totalkostnaden er budsjettert til kr. 12 964 968,-, og er inkludert utgraving med lønsutgifter for timer til forarbeid, feltarbeid og etterarbeid, løn for samarbeidspartnerane som skal utføre dei botaniske analysane, inkludert preparering, samt ein to-årig post-doc stilling i palaeogenetikk, reiser, møter og konferansar, forbruksmateriell, totalstasjon, miljøovervaking og tildekking/sikring med leire og duk, laboratorieanalysar som dateringar, samt forbrukskostnad i samband med alle analysar som er skildra i prosjektplanen.

Riksantikvaren vurderer at det er positivt at AM, UiS har basert budsjettet på NIKU sine erfaringstal for undersøkingar av mellomalderkyrkjegardar og planlagd utgravinga i tråd med deira utgravingsmetodar. Vi vil likevel påpeike at det, erfaringsmessig, ved undersøkingar av

kyrkjegardslag og kulturlag i mellomalderbyane, kan oppstå behov for endringar og omprioriteringar undervegs i undersøkinga, som kan medføre behov for å utvide budsjettet. Det er også viktig at AM, UiS sikrar at det er ressursar til å fulldokumentere alt med same metode for å hindre at det ikkje er ressursar igjen mot slutten av utgravinga til å sikre materialet både *in situ* og *ex situ*. AM, UiS må derfor planlegge for at behovet for eigenfinansiering kan verte høgare enn det som er budsjettert. Vi vil også påpeike at sikringstiltak som medfører ekstra kostnadar er AM, UiS sitt ansvar.

Riksantikvaren vil følge undersøkinga tett, saman med Rogaland fylkeskommune.

Etter ei samla vurdering har vi i denne saka gitt dispensasjon for tiltaket det er søkt om, i samsvar med vedtaket over.

Dersom det under gjennomføringa av tiltaket blir oppdaga eller kjem fram andre automatisk freda kulturminne enn dei løyvet gjeld for, skal arbeidet straks stansast i den utstrekning det kan ha innverknad på desse. Riksantikvaren skal varslast, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd, og vi avgjer snarast råd og seinast innan 3 veker om arbeidet kan halde fram, og eventuelt på kva vilkår.

### **Forholdet til anna lovverk**

Dersom tiltaket krev løyve etter anna lovverk, må søkeren sørge for dette før tiltaket kan gjennomførast.

### **Framdrift/gjennomføring**

Tiltaket skal gjennomførast som vist på det vedlagde kartet. Mindre endringar eller avvik skal klarerast med Riksantikvaren. Større endringar, som har innverknad på kulturminne, krev ny søknad. Riksantikvaren avgjer om endringane er større eller mindre.

### **De kan klage på vedtaket**

De har rett til å klage på vedtaket. Fristen for å klage er 6 veker frå de har motteke dette brevet, jf. kulturminnelova § 8 første ledd tredje punktum. Klaga skal stilast til Klima- og miljødepartementet, som er klageinstans, men sendast til Riksantikvaren, gjerne på e-post til [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no). Dersom vi ikkje gir dykk medhald, sender vi klaga til Klima- og miljødepartementet, som avgjer saka med endeleg verknad.

**Har de spørsmål?**

Har de spørsmål, kan de kontakte sakshandsamar Hanne Merete R. Moldung, tlf.: 98202797, epost: [hanne.merete.moldung@ra.no](mailto:hanne.merete.moldung@ra.no).

Beste helsing

Isa Trøim

seksjonssjef

Hanne Merete R. Moldung

seniorrådgjevar

**Brevet er elektronisk godkjend**

Vedlegg: Projektplan og budsjett datert 9.3.2021

Kart/teikning datert 18.3.2021

Kopi til: Stavanger kommune, Postboks 8001, 4068 STAVANGER/ NIKU Oslo - Norsk institutt for kulturminneforskning - Hovedkontor, Pb 736 Sentrum, 0105 OSLO/ Stavanger biskop, Lagårdsveien 44, 4010 STAVANGER/ Stavanger kirkelige fellesråd, Postboks 201, 4001 STAVANGER/ Rogaland fylkeskommune, Postboks 130 sentrum, 4001 STAVANGER